



VINDAFJORD KOMMUNE

Politisk delegeringsreglement



**Vedtatt av kommunestyret i sak 49/20
i møte 22.09.20**

Innheld

1. Målsetjing, prinsipp og generelle avgjelder.....	3
2. Generelt om delegering av kommunestyret sitt mynde	6
3. Kommunestyret.....	8
4. Generelle delegeringsreglar til formannskapet/ faste utval	8
5. Delegering av mynde til formannskapet	9
6. Delegering av mynde til Utval for Oppvekst og Omsorg	10
7. Delegering av mynde til Utval for Drift, Utvikling og Kultur.....	11
8. Delegering av mynde til partsamansett utval (administrasjonsutval)	13
9. Delegering av mynde til vilt- og fiskeutvalet.....	14
10. Delegering av mynde til ordføraren	15
11. Delegering av mynde til kommunedirektøren	17
12. Kommunen sine kjøp og sal av eigedom:.....	22
13. Oversikt – delegasjon etter særloover:	23
Akvakulturlova av 17. Juni 2005 nr. 79.....	23
Alkohollova av 2. Juni 1989 nr 27 med forskrifter	23
Arbeids- og velferdsforvaltningslova i NAV av 18. Desember 2009.....	23
Arkivlova av 4. Desember 1992 nr 126 med forskrifter	23
Barnelova av 8. April 1981 nr 7	24
Barnehagelova av 17. Juni 2005 nr. 64.....	24
Barnevernlova av 17. Juli 1992 nr 100	24
Brann- og eksplosjonsvernlova av 14. Juni 2002 nr. 20 og tilhøyrande forskrifter.....	25
Dyrehelsepersonellova av 15. Juni 2001 nr. 75.....	25
Eigedomsskattelova av 6. Juni 1975 nr 29	25
Eigarseksjonslova av 23. Mai 1997 nr 31	25
Film- og videogramlova av 15. Mai 1987 nr 21	25
Folkebiblioteklova av 20. Desember 1985 nr 108.....	25
Folkehelselova av 24. Juni 2011 nr. 29	25
Forpaktingslova av 25. Juni 1965 nr. 1	26
Forureiningslova av 13. Mars 1981 nr 6	26
Friluftslova av 28. Juni 1957 nr 16.....	26
Geodatalova av 03.september 2010	26
Gjeldsordningslova av 17. Juli 1992 nr. 99	26
Gravferdslova av 7. Juni 1996 nr 32	27
Havne- og farvannslova av 21. Juni 2019 nr. 70.....	27
Helseberedskapslova av 23. Juni 2000 nr. 56.....	27
Helsepersonellova av 2. Juli 1999 nr. 64	27
Helse- og omsorgstenestelova av 24. Juni 2011 nr. 30	27
Hundelova av 04 juli 2003 nr. 74.....	28
Husbankslova av 29. Mai 2009 nr. 30	28
Introduksjonslova av 4. Juli 2003 nr. 80	28
Jordlova av 12. Mai 1995 nr. 23	28
Konsesjonslova av 28 november 2003 nr. 98.....	29
Kulturminnelova av 9. Juni 1978 nr 50.....	29
Lakse- og innlandsfiskelova av 15. Mai 1992 nr 47	29
Matrikkellova av 17. Juni 2005 nr. 101.....	29
Motorferdselslova av 10. Juni 1977 nr 82 med forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag	29
Naturmangfoldlova av 19. Juni 2009 nr. 100	30
Odelslova av 28. Juni 1974 nr. 58.....	30
Opplæringslova av 17. Juli 1998 nr. 61.....	30

Pasient- og brukerrettighetslova av 2. Juli 1999 nr. 63.....	31
Plan- og bygningslova av 27. Juni 2008 nr 71.....	31
Serveringslova av 13. Juni 1997 nr 55	32
Sivilbeskyttelseslova av 25. Juni 2010 nr. 45.....	32
Skogbrukslova av 27. Mai 2005 nr. 31.....	32
Smittevernlova av 5. August 1994 nr 55 med forskrifter.....	32
Stadnamnlova av 18. Mai 1990 nr 11.....	32
Straffelova av 22. Mai 1902 nr 10	33
Tobakksskadelova av 9. Mars 1973 nr 14.....	33
Vallova av 28. Juni 2002 nr. 57	33
Vass- og avløpsanleggslova av 16. Mars 2012 nr. 12	33
Veglova av 21. Juni 1963 nr 23	33
Vegtrafikklova av 18. Juni 1965 nr 4 med tilhørende forskrift av 07.10.2005 nr 1219 (skiltforskriften).....	34
Viltlova av 29. Mai 1981 nr 38.....	34

1. Målsetjing, prinsipp og generelle avgjærder

1.1. Målsetjing

Målsetjinga med Vindafjord kommune sitt delegeringsreglement er å legge forholda til rette for eit funksjonelt kommunalt folkestyre og for effektiv tenesteyting, forvaltning og administrasjon.

For å nå denne målsetjinga er det viktig at ansvarsfordeling mellom kommunestyret og andre politiske organ eller administrasjonen ved kommunedirektøren, er avklart slik at:

- mynde er tilpassa dei oppgåver og utfordringar som Vindafjord kommune står ovanfor.
- avgjærder kan takast så nær publikum som mogleg.
- ein effektiviserer og hever kvaliteten til sakshandsaming i kommunen.
- ein samordner styringa på politisk og administrativt plan.
- ein klargjer ansvarsfordelinga mellom folkevalde organ og administrasjonen.
- ein styrker innbyggjarane sin rettstryggleik og ivaretek servicen til publikum.
- ein gir politikarane betre høve til å konsentrere seg om overordna planar, prinsipp og styring.
- ein gjer politisk arbeid meir interessant for alle folkevalde.

Det føl av kommunelova § 5-14 at Kommunestyret sjølv skal fastsetjeeit reglement for korleis vedtaksmynde og innstillingsrett skal delegerast.

1.2. Prinsipp

Det skal vere eit tydeleg skilje mellom politikk og administrasjon. Prinsipielle saker skal behandlast politisk. Dersom det er tvil om ei sak er av prinsipiell betydning, skal ordførar og kommunedirektør avklare dette.

Kommunedirektøren er leiar for den samla administrasjonen, jfr. kommunelova § 13-1.

1.2.1 Avklaring - Ikkje prinsipielle saker.

Som ikkje prinsipielle saker reknar ein:

- Saker der avgjerd vert tatt etter retningsliner som er fastlagt gjennom politiske vedtak, budsjettrammer, overordna kommunale planar, instruksar og tidlegare praksis.
- Saker der avgjerd er styrt av overordna sentralt regelverk.
- Saker som ikkje treng meir enn fagleg og/eller regelstyrt handsaming (ikkje politisk vurdering)

Saker som vert avgjort ut frå politisk vurdering er prinsipielle. Saker der det er tvil om avgjerd er prinsipiell/ikkje prinsipiell skal handsamast som prinsipielle.

Der eit vedtak vert styrande for korleis liknande saker skal løysast i ettertid (presedenssaker) skal saka handsamast som prinsipiell.

1.3. Delegering til faste utval/ komitear/ styre

1.3.1. Faste utval

Faste utval er dei som er meint å vare ved frå år til år og skal arbeide med oppgåver av meir varig karakter.

Vindafjord kommune er organisert med desse utvala:

- Formannskapet , jf. kommunelova § 5-6
- Utval for oppvekst og omsorg, jf. kommunelova § 5-7
- Utval for drift, utvikling og kultur, jf. kommunelova § 5-7
- Kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-1
- Administrasjonsutvalet, jf. kommunelova § 5-11
- Vilt og fiskeutvalet jf.

1.3.2. Ad-hoc utval/arbeidsgrupper

Utval som vert oppretta for å løyse konkrete tidsavgrensa oppgåver, er å oppfatte som arbeidsgrupper. Det er i avgrensa grad høye til å delegere mynde til arbeidsgrupper. Det kan delegerast mynde til å avgjere «einskildsaker» som har direkte tilknyting til arbeidsgruppa sine oppdrag. Arbeidsgrupper med leiar og nestleiar vert oppretta og nedlagde av kommunestyret eller det organ kommunestyret gir mynde. Det skal gjevast mandat og funksjonsperiode.

1.3.3. Lovpålagde kommunale nemnder/ utval

Rådet for eldre og funksjonshemma, *ungdomsråd*, val- og røystestyre, rådsorgan på skulane er lov pålagde kommunale nemnder som følgjer reglar gitt i aktuelle særlovar.

1.3.4. Interkommunalt samarbeid,vertskommunesamarbeid

To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til løysing av felles oppgåver. Kommunestyret gjer sjølv vedtak om oppretting av slikt styre. Til slikt styre kan kommunestyret sjølv gje mynde til å treffe avgjerd som om verksemda si drift og organisering (interkommunalt samarbeid)

Ein kommune (samarbeidskommune) kan avtale med ein annan kommune (vertskommune) at vertskommunen skal utføre oppgaver og treffe avgjerder etter delegert mynde frå samarbeidskommunen i einskildsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning (vertskommunesamarbeid)

For interkommunalt samarbeid som er vist til ovanfor, så er det kommunestyret sjølv som kan gjere vedtak om oppretting og fastsetje vedtekter og godkjenne avtalar. Delegering av mynde frå kommunen skjer såleis i vedtektsfastsejing/avtalegodkjenning i kvart einskild tilfelle.

Delegering skal skje i samsvar med dei retningsliner som går fram av kommunelova kap 5.

Vindafjord kommune har samarbeid på følgjande område:

- PPT, felles teneste med Etne
- Barnevern, felles teneste med Etne
- Brann og redning, felles IKS på Haugalandet
- IKT , felles teneste med Etne
- Legevakt, felles teneste med Etne
- Interkommunalt Arkiv, felles for heile Rogaland
- Skjenkekontroll, felles teneste for Haugalandet
- Øyeblikkeleg hjelp, sengeplassar, avtale med Tysvær kommune
- *Psykolog, felles teneste med Etne*
- *NAV, Felles teneste med Etne*

1.3.5. Interkommunale selskap

Vindafjord kommune har også eigarskap i eller er medstiftar av selskap, og er representert i styre.

Delegasjon skjer gjennom godkjenning av vedtekter. Det er kommunestyret sjølv som kan vedta oppretting og godkjenning

Døme på selskap er :

- Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM)
- Haugaland Brann og Redning IKS

1.4. Generelt om reglement

I tillegg til delegeringsreglementet skal kommunen mellom anna ha følgjande reglement:

- Reglement for politiske organ
- Generelt reglement for sakshandsaming
- Reglement for klagesakshandsaming,
- Administrativt delegeringsreglement,
- Økonomireglement, tilvisingsreglement, innkjøpsreglement,
- Personalreglement

1.5. Klage på vedtak

Alle kommunale einskildvedtak som er fatta, kan påklagast, jfr. forvaltningslova § 28.

Formannskapet vert delegert mynde til å vera klageorgan for einskildvedtak i folkevalde og administrative organ i samsvar med forvaltningslova § 28 med følgjande unntak:

- Statleg organ er klageinstans når det er slått fast i særlov.

Alle klager skal leggast fram for underinstans før den går til klageinstansen. Underinstans er normalt det organet som gjorde vedtaket som er påklaga. Dersom underinstans held fast på vedtaket sitt, skal saka sendast til klageinstansen så raskt som råd

Sakshandsamingsreglar for klagesaker skal leggjast fram som eiga sak for kommunestyret og vil utfylla det som står i pkt 1.5 her.

1.6. Lovlegheitskontroll

Tre eller fleire medlemmer av kommunestyret kan saman bringe avgjerd gjort av folkevald organ eller den kommunale administrasjon inn for departementet til kontroll av avgjerala si lovlegheit, jfr. kommunelova § 27 -1. Dette gjeld ikkje avgjerd om tilsetjing, oppseining eller avskil.

1.7. Oppfølging/rapportering

Det skal utarbeidast føremålstenleg opplegg for tilbakerapportering til delegerande organ. Gjennom tertial- og årsrapportar gjev kommunedirektøren tilbakemelding til kommunestyret.

Det skal leggjast opp faste rutinar for korleis faste utval / komitear / styra / styrerrepresentantar skal gje tilbakemelding til kommunestyret.

2. Generelt om delegering av kommunestyret sitt mynde

2.1 Heimel

Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) gir, i tillegg til den generelle regelen om delegering fra kommunestyre til andre folkevalgte organ, ordfører eller kommunedirektør i § 5-3, følgjande reglar om delegering:

2.1.1. Formannskapet

Kommunelova § 5-3 seier at formannskapet kan få tildelt vedtaksmynde i alle saker, om ikkje anna følgjer av lov.

2.1.2. Ordførar

Kommunelova § 6-1 seier at kommunestyret kan gi ordførar mynde til å treffe vedtak i einskildsaker eller i typar saker som ikkje er av prinsipiell betyding.

2.1.3. Faste utval

Kommunelova § 5-7 seier at kommunestyret sjølv fastset område for dei faste utvala si verksemd. Kommunestyret kan tildele slike utval avgjerdsmynde i alle saker der ikkje anna følgjer av lov.

2.1.4. Underutval

Kommunelova § 5-7 seier at faste utval kan gi leiar eller arbeidsutval mynde til å treffe vedtak i einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betyding, dersom ikkje kommunestyret har bestemt noko anna.

2.1.5. Hasteparagrafen

Kommunelova § 11-8 seier at kommunestyret sjølv kan bestemme at formannskapet, eller eit fast utval, skal ha mynde til å treffe vedtak i saker som skulle vore avgjort av eit anna organ, når det er nødvendig at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å innkalle dette ("hasteparagrafen").

2.1.6. Kommunedirektør

Kommunelova § 13-1 seier at kommunalt folkevald organ kan gje kommunedirektøren mynde til å treffe vedtak i einskildsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell betyding, viss ikkje kommunestyret har bestemt noko anna.

Kommunedirektøren vert gitt innstningsrett i alle saker til politiske utval

2.2 Retningsliner for bruk av delegert mynde

2.2.1. Utøving av delegert mynde

All delegert mynde til politiske organ eller til kommunedirektøren skal utøvast i samsvar med dei saksbehandlingsreglane som følgjer av lover, forskrifter, kommunal saksbehandlingsinstruks og god forvaltingsskikk. I tillegg skal all delegert mynde utøvast i samsvar med dei plan- og budsjetttrammer, reglement og retningslinjer som er vedtatt av kommunestyret, eller anna kommunalt organ med vedtaksmynde.

2.2.2. Premissar

Delegering av mynde inneber ikke fråseiing av mynde. Delegert mynde kan når som helst takast tilbake. Dette gjeld også for einskildsaker.

Kommunestyret gir formannskap, utval og kommunedirektør ansvar for til ei kvar tid å vurdere behov for endringar av gjeldande delegeringsreglement innan desse sine respektive ansvarsområde. Dette gjeld både mynde gitt til politiske organ og til kommunedirektøren. Når det politiske organet finn at det er behov for endring, pliktar det å fremje forslag om dette til kommunestyret.

2.2.3. Politisk vidaredelegering

Delegert mynde til folkevalde organ kan delegerast vidare med mindre det i delegeringsvedtaket/delegeringsreglementet uttrykkeleg er lagt sperrer for det.

2.2.4. Administrativ vidaredelegering

Kommunedirektøren kan deleger sitt mynde internt i administrasjonen med mindre det i delegeringsvedtak/delegeringsreglementet uttrykkeleg er lagt sperrer for det.

2.2.5. ‘Delegering’ oppover

Folkevald organ eller kommunedirektøren kan i særskilte tilfelle overlate til overordna organ å treffe avgjerd i einskildsaker.

2.2.6. Administrativt delegasjonsreglement

Kommunedirektøren utarbeider, innanfor ramma av avgjerdsmynne fastsett av kommunestyret, retningsliner for intern delegering og utøving av slik delegert mynde.

2.2.7. Kontrollutvalet

Kommunestyret fører gjennom kontrollutvalet kontroll med at delegert mynde blir brukt i samsvar med reglar og intensjonar for delegering. Dette gjeld også evaluering av etablert delegeringspraksis.

3. Kommunestyret

3.1. Innleiing

Kommunestyret er det øvste organ i Vindafjord kommune og fastset vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

3.2. Ansvars- og arbeidsområde

Kommunestyret har all mynde som ikkje positivt er lagt til andre kommunale organ. I tillegg er kommunestyret tillagt øvste tilsynsansvar for den kommunale forvaltning og drift.

3.3. Særlege delegeringsvedtak

Unntatt frå kommunestyret si delegering er dei oppgåver og ansvar der særlov legg mynde direkte til kommunal tenestemann. I tillegg har kommunestyret delegert mynde til interkommunale samarbeidsorgan/selskap.

4. Generelle delegeringsreglar til formannskapet/ faste utval

4.1. Avgrensing

Mynde som vert delegert kan ikkje nyttast i strid med prioriteringar og føresetnadjar som er gitt av kommunestyret. Det er ikkje høve til å gå ut over dei rammene kommunestyret har fastsett

4.2. Opprettig og nedlegging av ad-hoc/arbeidsgrupper

Faste utval kan opprette ad-hoc/arbeidsgrupper til å løyse særskilde mellombelse oppgåver innanfor utvala sine eigne område. Faste utval kan omorganisere og leggje ned arbeidsgrupper som dei har oppretta sjølv (Kommunelova §§ 5-6 og 5-7)

Dersom slike arbeidsgrupper skal ha godtgjersle, må sak fremjast for for formannskapet som har vedtaksrett.

4.3. Anke

Avgjerder som vert tatt i eit utval, kan av eit mindretal på tre representantar krevjast framlagd for kommunestyret. Kravet om ankebehandling må i så fall fremjast før møtet er slutt og protokollerast.

5. Delegering av mynde til formannskapet.

5.1. Innleiing

Formannskapet handsamar forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak. Elles fastset kommunestyret området for formannskapet si verksemd. Formannskapet kan verta tildelt avgjerdsmynne i alle saker der ikkje anna fylgjer av lov, jf. Kommunelova § 5-6 (5).

5.2. Ansvars- og arbeidsområde

Formannskapet har avgjerdsmynne etter lover innanfor formannskapet sitt arbeidsområde dersom myndet ikkje er tillagt andre organ/kommunedirektøren eller saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal ha avgjerdsmynne.

Formannskapet har følgjande arbeidsområde:

- Heilskapsplanlegging (kommuneplan) og større tverrsektorielle planar.
- Planarbeid etter plan og bygningslova
- Politiske leiings- og samordningsoppgåver, inklusivt samarbeid med andre kommunar
- Leie og samordne arbeidet med økonomiplanen og leggje fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- Beredskap
- Næringssaker
- Kyrkje og religiøse organisasjonar
- Andre administrative oppgåver som ikkje er lagt til andre utval/styre
- Andre saker etter tilvisning frå ordføraren
- Eigarskapspolitikk
- Mediespørsmål

Formannskapet har avgjerdsmynne i saker innanfor sitt arbeidsområde dersom myndet ikkje er tillagt andre organ/delegert til kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal ha avgjerdsmynne.

5.3. Særlege delegeringsvedtak

- Formannskapet har mynde til å vedta godtgjering til ad-hoc/arbeidsgrupper som dei sjølv eller andre utval opprettar. Budsjettdekning må søkjast med det same.
- Formannskapet har mynde å treffe vedtak i saker som ordinært skulle ha vore avgjort av kommunestyret, i dei høve når det er nødvendig å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla kommunestyre. ("hasteparagrafen" heimla i kommunelova § 11-8).

6. Delegering av mynde til Utval for Oppvekst og Omsorg

6.1. Innleiing

Utval for oppvekst og omsorg (OPOM) er fast utval for :

- helse- og sosialsektoren i kommunen innafor dei rammene som er fastsett i lov og forskrifter gitt i medhald av lov og i kommunestyrevedtak
- undervisning og barnehagar i kommunen innafor dei rammene som er fastsett i, lov og forskrifter gitt i medhald av lov og i kommunestyrevedtak

6.2. Ansvars- og arbeidsområde

Utval for oppvekst og omsorg har avgjerdsmynne etter lover innanfor utvalet sitt arbeidsområde dersom myndet ikkje er tillagt andre organ/kommunedirektøren eller saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal ha avgjerdsmynne..

Utvalet har følgjande arbeidsområde der dei kan gjera vedtak i saker:

- Barnevern
- Barnehage
- Grunnskule,skulefritidsordning
- Pedagogisk/psykologisk teneste
- Vaksenopplæring
- *Integrering*
- Kulturskule
- Helse og omsorgstenesta,folkehelse
- Omsorg for eldre og funksjonshemma
- Sosiale tenester
- Saker om samordning av lokale kriminalitetsføreyyggjande tiltak (SLT)
- Helse og rusmiddelvern
- Skjenke-og serveringssaker.
- Uttale til statlege høyringar innanfor sitt arbeidsområde

OPOM har avgjerdsmynne i saker innanfor sitt arbeidsområde dersom myndet ikkje er tillagt andre organ/delegert til kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal ha avgjerdsmynne. Saker som fagleg høyrer til i OPOM, kan utvalet tilrå direkte til avgjerd i kommunestyret. I overordna økonomiske saker skal utvalet gje uttale.

7. Delegering av mynde til Utval for Drift, Utvikling og Kultur

7.1. Innleiing

Utval for drift, utvikling og kultur er fast utval for:

- saksområde som hører inn under rammeområde Forvaltning, drift og utvikling i kommunen innafor dei rammene som er fastsett i kommunestyrevedtak, lov og forskrifter gitt i medhald av lov.
- kultursektoren i kommunen innafor dei rammene som er fastsett i kommunestyrevedtak, lov og forskrifter gitt i medhald av lov.

7.2. Ansvars- og arbeidsområde

Utval for drift, utvikling og kultur har avgjerdsmynde etter lover innanfor utvalet sitt arbeidsområde dersom myndet ikkje er tillagt andre organ/kommunedirektøren eller saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal ha avgjerdsmynde.

- Klima- og energipolitikk
- Jord- og skogbruksaker, konsesjonssaker
- Byggesaker, dispensasjoner etter plan- og bygningslova
- Havbruksaker
- Hamnesaker
- Miljø- og naturvernssaker
- Motorferdsle i utmark og vassdrag
- Fastsetjing av stad- og vegnamn og skrivemåte m.m.
- Samferdselpolitiske saker
- Vegmynde
- Trafikksikring
- Allment kulturarbeid, herunder å vedta reglar for tildeling av kulturmidlar
- Kultur- og bygningsvern
- Bibliotek
- Sport, idrett, friluftsliv og nærmiljø
- Frivillig organisasjonsliv
- Spelemidlar
- Reiselivssaker.
- Uttale til statlege høyringar innanfor sitt arbeidsområde

DUK har avgjerdsmynde i saker innanfor sitt arbeidsområde dersom myndet ikkje er tillagt andre organ/delegerert til kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal ha avgjerdsmynde. Saker som fagleg hører til i DUK, kan utvalet tilrå direkte til avgjerd i kommunestyret. I overordna økonomiske saker skal utvalet gje uttale.

7.3. Særlege delegeringsvedtak

Utval for drift, utvikling og kultur vert gitt mynde til å:

- handheve retningslinene for kommunal overtaking av drift og vedlikehald av private tilkomstvegar i regulerte bustadområde.
- administrere reglane om feltutbygging og gjere vedtak på kommunen sine vegne. Utbyggingsavtalar der kommunen opptrer som grunneigar eller saker av prinsipiell karakter vert saksbehandla etter nærmare retningsliner.

- administrere kommunale forskrifter for renovasjon, og gjøre vedtak på kommunen sine vegne i dei tilfelle dette ikkje er delegert til HIM
- administrere kommunale forskrifter for vatn- og kloakkavgifter, og gjøre vedtak på kommunen sine vegne. Mynde er avgrensa til forhold som ikkje er tillagt anna organ.
- Utval for drift, utvikling og kultur er styre for kommunen sine kulturinstitusjonar når anna ikkje er vedtatt.

7.4. Tiltrådingsrett i lokalt forskriftsarbeid.

DUK vert gitt tiltrådingsrett til kommunestyret i lokalt forskriftsarbeid etter følgjande lover:

- Friluftslova av 28. juni 1957 nr 16
- Forureininingslova av 13. mars 1981 nr 6
- Hamne- og farvasslova av 17. april 2009 nr 19
- Motorferdsellova av 10. juni 1977 nr 82
- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 16. mars 2012 nr. 12

8. Delegering av mynde til partsamansett utval (administrasjonsutval)

8.1. Innleiing

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt partssamansette utval etter kommunelova § 5-11.

8.2. Ansvar og arbeidsområde

Administrasjonsutvalet har avgjerdsmynde i saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, dersom myndet ikkje er tillagt andre organ/delegert til kommunedirektøren eller saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal ha avgjerdsmynde.

Arbeidsområde, der kor ikkje myndet er tillagt andre:

- Personalpolitiske retningsliner
- Generelle tilhøve mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette
- Twistespørsmål om tolking og praktisering av avtalar, reglement og andre avgjelder som angår dei tilsette sine tilsetjings-og arbeidsvilkår.

9. Delegering av mynde til vilt- og fiskeutvalet.

9.1 Innleiing

Vilt- og fiskeutvalet handsamar saker knytt til forvaltning av vilt, jakt og ferskvassfiske.

9.2 Ansvar og arbeidsområde

Vilt- og fiskeutvalet har avgjerdsmynde etter lover innanfor utvalet sitt arbeidsområde dersom myndet ikkje er tillagt andre organ/kommunedirektøren eller saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal ha avgjerdsmynde.

Vilt- og fiskeutvalet vert delegert avgjerdsmynde etter viltlova og laks-og innlandsfiskelova og naturmangfaldlova § 18 siste ledd.

Utvalet vert også delegert mynde til å fastsetje forskrifter etter viltlova.

10. Delegering av mynde til ordføraren.

10.1 Sommarfullmakt - formannskapet

Ordføraren får delegert avgjerdsmynne i kurante saker som elles er lagt til formannskapet å avgjere, i formannskapet sin sommarferie, når det vert sett på som nødvendig at saka får ei hurtig behandling.

Ordføraren samrår seg, så langt råd er, med kommunedirektøren før avgjerd vert gjort og informerer kommunedirektøren om eventuelle avgjelder.

Avgjelder gjort av ordføraren etter dette punktet, vert meldt til formannskapet i det første møte dei har etter ferien.

10.2 Sommarfullmakt – faste utval

Ordføraren vert gitt mynde til å avgjere kurante saker som elles er lagt til utvala å avgjere, i utvala sin sommarferie, når det vert sett på som nødvendig at saka får ei hurtig avgjerd og utvala ikkje kan kallast inn i tide.

Ordføraren samrår seg, så langt dette er mogeleg, med den einskilde leiaren av utvala før avgjerd vert gjort.

Avgjelder gjort av ordføraren etter dette punktet, vert meldt til hovudutvalet i det første møte dei har etter ferien.

10.3 Delegat

Ordføraren er kommunen sin representant i årsmøte/generalforsamlingar der slik representasjon ikkje spesielt er utpeika av formannskapet. Ordføraren kan utpeike eventuelt ein annan i sin stad med fullmakt.

10.4 Representasjon

Ordføraren vert gitt mynde til, på kommunen sine vegne, å gje gåver eller anna merksemd til foreiningar/lag eller einskildpersonar ved jubiléum, åremålsdagar og andre særlege høve, innafor gjevne budsjetttrammer eller regelverk.

Ordføraren har mynde til, innafor formannskapet sin konto, å disponera midlar til utbetaling i samband med kommunen si handtering av m.a. gjestebesøk, venskapssamband, representasjon og andre kurante saker.

10.5 Servering

Ordføraren vert gitt mynde til å servere alkohol når dette synest føremålstenleg i samband med tilstellingar/representasjon.

10.6 Mynde etter gravferdslova

Ordføraren vert delegert avgjerdsmynne etter gravferdslova, kapittel 2, § 9.

10.7 Påtale

I samsvar med reglane i straffelova § 79 har ordføraren og kommunedirektøren mynde til å krevje offentleg påtale på vegne av kommunen.

Ordføraren har mynde til å gje fullmakt til partsrepresentant, jfr. tvistemålslova sin § 43

10.8 Styringsrett til utval

Ordføraren avgjer kva utval sakene administrasjonen legg fram, skal behandlast i.

10.9 Heider

Ordføraren vert gitt mynde til å søkje om ”Kommunenes Sentralforbund” sitt heidersmerke.

10.10 Endre møteplan

Ordføraren vert gitt fullmakt til å endre møtetider og møtedagar for kommunestyre og formannskap og faste utval.

10.11 Fritak for verv

Ordføraren vert delegert mynde etter kommunelova § 7-9 (2), til etter søknad å frita, for eit kortare tidsrom inntil 6 månader, ein folkevald som «ikkje kan ivareta vervet sitt utan at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne».

Representanten kan klage på vedtaket til kommunestyret. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket er kome fram til vedkomande

11. Delegering av mynde til kommunedirektøren

11.1 Generell mynde

Kommunedirektøren er gitt rammer i kommunelova kapittel 13.

Med heimel i kommunelova sin § 13-1 (6) vert kommunedirektøren gitt mynde til å avgjere alle saker som reknast som ikkje-prinsipielle, og som ikkje er direkte lagt til politisk organ gjennom lov eller reglement.

11.2 Delegasjon i personalsaker

- Kommunedirektøren har med heimel i kommunelova § 13-1 (7) arbeidsgjevar- og leiaransvar for heile kommuneorganisasjonen. Ansvaret omfattar mellom anna rekruttering, opplæring, organisasjonsutvikling og generell god personalpolitikk.
Kommunedirektøren kan i tillegg gjennomføre endringar av stillingar og stillingsstørleikar i ei avdeling, så lenge utgiftene er innafor dei vedtekne netto budsjetttrammene.

11.3 Delegasjon på vegne av kommunen som privat rettssubjekts

Saker vedkomande kommunen sine faste eigedomar:

Kommunedirektøren vert gitt mynde til:

- a) å leige ut kommunale utlegebustader og inngå leigekontrakt etter retningsliner og rammer fastsett av kommunen.
- b) å seie opp leigekontrakt ved brot på denne, og til å krevje utkasting av leigebuar i kommunale bustader.
- c) å fastsetje husleige for dei einskilde bustadar utfrå prinsipp fastsett av kommunestyret
- d) å leige ut kommunale kontorlokale/ næringsareal og fastsetje leigesats.
- e) å inngå kontrakt om feste av tomt, administrere ordninga og krevje inn festeavgift.
- f) å selge bustad- og næringstromter etter reglane for dette.
- g) å erverve/selje/bortfeste areal i samband med justering av målebrev som følgje av godkjent reguleringsplan, og å selje tilleggsareal til regulerte bustad- eller ervervstromter
- h) å krevje tvangsausjon som ledd i tvangsinndriving når det vert sett på som nødvendig med tvangsausjon for å ivareta kommunen sine interesser.
- i) å fråfalle communal pant for lån i mindre parsellar og fråfalle prioritet når dette ikkje fører med seg tapsrisiko for kommunen.
- j) å opptre på kommunen sine vegne i naboforhold

11.4 Delegasjon i økonomisaker

11.4.1. Innleiing

Dette økonomiske delegeringsreglementet byggjer på det kommunelova seier, forskrift for

kommunale og fylkeskommunale budsjett og rekneskap (budsjett- og rekneskapsforskrifter), skattebetalingslova og tilhøyrande forskrifter.

Målsetjinga er å leggje til rette for ei funksjonell økonomisk drift av kommunen, bl. a. ved at økonomiske avgjelder blir lagt til rett ansvarsnivå i organisasjonen ved delegering til folkevalde organ og til kommunedirektøren.

For tilfelle som ikke er dekka av dette delegeringsreglementet, gjeld det som er sagt i gjeldande budsjett- og rekneskapsforskrifter.

All utøving av mynde skal skje i samsvar med det til einkvartid gjeldande økonomireglement i Vindafjord Kommune.

11.4.2. Tilvising

(Kommunelova § 13-1)

Kommunedirektøren vert gitt tilvisingsmynde for alle utbetalingar (innafor vedtekne budsjetttrammer på det nivået budsjettet er vedtatt på).

Tilvisningsmyndet gjeld ikkje tilvisning av eigne rekningar, eller der inhabilitet kan gjerast gjeldande. I slike tilfeller ligg mynden til overordna mynde. Ordfører tilviser for Kommunedirektøren.

Kommunedirektøren kan i nødvendig utstrekning vidaredelegere sitt tilvisningsmynde.

11.4.3. Lån

(Kommunelova §§ 14-13 – 14-18 og Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner).

Vedtak om opptak av lån, samt avdragstida for lånet vert gjort av kommunestyret sjølv i hovudsak i tilknyting til behandling av budsjett/økonomiplan.

Kommunedirektøren vert delegert å effektuere låneopptak i samsvar med vedtak i kommunestyret (inkludert å inngå finansielle leigeavtalar og driftskreditt).

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å avgjere refinansiering av lån innanfor ramma for vedtak om avdragstid i kommunestyret, samt godkjenne lånevilkår, låneform og låneinstitusjon i samband med dette.

11.4.4. Gjeldsettergjeving

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ettergi søknadar om avdrag, renter og andre krav vedkomande kommunen sine husbanklån/startlån til vidare utlån.

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ettergi/avskrive kommunale krav, der mynde til ettergjeving ikkje er gitt andre ved lov eller forskrifter i medhald av lov.

Ettergjeving av krav vert utgiftsført mot avsette midlar. Avsetjing til kommunen sine tap på krav vert vurdert i samband med handsaminga av årsbudsjettet og økonomiplanen.

11.4.5. Betalingsutsetjing

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å avgjere søknader om utsetjing med betaling av krav.

11.4.6. Plassering av overskotslikviditet

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å plassere kommunen sin overskotslikviditet i samsvar med dei rammer og vilkår som vert fastsett av kommunestyret.

11.4.7. Avtalar om kjøp og leige av varer og tenester

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å inngå avtalar (herunder rammeavtalar) om kjøp eller leige av varer og tenester

11.4.8. Ubrukte løyvingar - avsetning til fond etc.

(Kommunelova § 14-3. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. kapittel 4).

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å avsetje og bruke av fond innanfor ramma av dei einskilde løyvingar og gjeldande økonomireglement.

11.4.9. Rekneskapsavslutninga - strykningar

(Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. kapittel 4)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å føreta strykningar i samsvar med gjeldande økonomireglement. Ved delvise strykningar vert kommunedirektøren delegert mynde til å avgjere rekkefølga innanfor føresegne i forsrifta.

11.4.10. Mynde til å foreta budsjettendringar i løpet av budsjettåret

(Kommunelova § 14-5. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. kapittel 5.)

Formannskapet:

Driftsbudsjettet:

Formannskapet kan disponere budsjetterte tilleggsløyvingar.

Kommunedirektøren:

Driftsbudsjettet

Kommunedirektøren har mynde til å foreta følgjande budsjettendringar:

- budsjettendringar i driftsbudsjettet mellom ansvarsområder innanfor same rammeområde og vedtekne økonomiske rammer for rammeområdet
- Budsjett-tekniske endringar i driftsbudsjettet, samt endringar som ikkje er av prinsipiell betydning. Inkludert å fordele budsjettpostar som er vedtatt i budsjettet til fordeling for eksempel løns- og pensjonsvekst og opplæringsmidlar.
- Omfordele frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet for å finansiere kjøp av maskiner, utstyr og andre mindre investeringar.

Kommunedirektøren kan i nødvendig utstrekning vidaredelegere sitt mynde til å foreta budsjettendringar til den som er i kommunedirektøren sin stad og leiarar for einingar/stabsavdelingar.

Investeringsbudsjettet:

Kommunedirektøren har mynde til å foreta følgjande budsjettendringar:

- Auke løyvingar til prosjekt i investeringsbudsjettet når endringa er finansiert ved at eit anna prosjekt vert redusert tilsvarende. Mynden gjeld løyvingar som er gjevne til liknande føremål, og dette skal rapporterast i tertailrapportar/årsmelding.
- Splitte prosjeker i investeringsbudsjettet på fleire prosjekt når det er tenleg
- Omdisponerte midlar frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet, jf. punkt under driftsbudsjett.
- Budsjettendringar i investeringsbudsjettet mellom prosjekt innan same teneste på VAR-området.
- Overføre ubrukte løyvingar frå investeringsbudsjettet frå eit år til eit anna etter godkjent årsrekneskap

11.4.11. Særnamsmynne

Kommunedirektøren vert delegert særnamsmynnen frå det tidspunkt skatteoppkrevjaren er overført staten etter dei lover/forskrifter der slik mynde er gitt.

11.5 Delegering til kommunedirektøren som ikkje er heimla i lov

Arbeidsmarknadstiltak

Opprette eller leggje ned sysselsettingstiltak som er i samsvar med godkjende avtalar og tilsegn for arbeidsmarknadstiltak, og som er i samsvar med årsbudsjett og økonomiplan

Selje/avhende/kassere utrangert utstyr

Selje/avhende/kassere utrangert utstyr. Det skal leggjast til grunn dei prinsipp som gjeld i økonomi- og innkjøpsreglement samt i etiske retningsliner. Oversyn over avgjerder i hht.til dette delegerte mynde skal leggjast fram i tilknyting til rekneskapen.

Engasjere prosessfullmektig

Engasjere prosessfullmektig i kommunen sine rettssaker

Oppfølging av reglement

Følgje opp politivedtekter og politisk og administrativt delegeringsreglement

Tilskot til livssyns- og trudomssamfunn

Berekne tilskot og fatte vedtak i søknader om tilskot til livssyns- og trussamfunn

Støtte til politiske parti

Fordeling av støtte til politiske parti etter reglar fastsett av departementet.

Tapt arbeidsforteneste

Godkjenne godtgjering og erstatning av tapt arbeidsforteneste for kommunale ombodsmenn, etter vedtekne retningsliner.

Opp tak av born i Vindafjord kulturskule

Fatte vedtak om opptak av born i Vindafjord kulturskule

Utleige av skular, barnehagar m.m.

Avgjere saker innanfor opplæringslova og barnehagelova sine rammer vedk. utleige av skular, barnehagar m.m.

Kjøp, sal av tenester – fritid og kultur m.m.

Avgjere saker vedkommande kjøp og sal av tenester til fritids- og kulturliv frå /til andre kommunar, fylkeskommunar m.m.

Tildeling av kulturmidlar i samsvar med retningsliner

Tildele kulturmidlar i samsvar med til ei kvar tid gjeldande retningsliner

Tildeling av tilskot til ulike føremål.

- Løyve tilskot til ulike føremål, innanfor dei rammer som politiske organ har sett
- Gje økonomisk støtte, eller å ta på seg, konsertar eller andre kulturtildelningar
- Attestere rekneskapssamdrag for bygging av idrettsanlegg/lokale kulturbygger

Løyve til handel frå torg m.m.

Gje løyve til personar som vil drive oppsökjande handelsverksemd, handel frå offentleg stad, herunder frå torg, gater, bryggjer m.m. der kommunen eig grunnen

Vedtak om følgjekort (ledsagerbevis) og parkeringskort for funksjonshemma

Fatte vedtak om utsteding av følgjekort (ledsagerbevis) og parkeringskort for funksjonshemma

Påtale

I samsvar med reglane i straffelova § 79 har ordføraren og kommunedirektøren mynde til å krevje offentleg påtale på vegne av kommunen.

12. Kommunen sine kjøp og sal av eigedom:

	KJØP OG SAL AV EIGEDOMAR			
	A	B	C	D
	Kommunale bygg inklusiv bustader/ areal sett av til offentleg formål	Areal > 500m ² / Makebyte >500m ²	Areal mellom 200 - 500m ² / arronderingar/ makebyte mellom 200 – 500 m ²	Areal < 200m ²)/ makebyte <200 m ²
	Sal			
Fastsette rammevilkår for sal/vedtak om sal	Kommunestyret	Formannskapet	Egedomsutvalet	Kommunedirektøren
Fastsetje pris for sal	Egedomsutvalet	Egedomsutvalet	Kommunedirektøren	Kommunedirektøren
Forhandle pris sal	Kommunedirektøren	Kommunedirektøren	Kommenedirektøren	Kommunedirektøren
Avtale sal	Kommunedirektøren	Kommunedirektøren	Kommunedirektøren	Kommunedirektøren
Ved usemje / tvilstilfelle iht. rammevilkåra vert sak lagt fram for	Formannskapet	Formannskapet	Formannskapet	Formannskapet
	Kjøp			
Fastsette rammevilkår for kjøp/vedta k om kjøp	Kommunestyret	Formannskapet	Egedomsutvalet	Kommunedirektøren
Fastsette pris for kjøp	Egedomsutvalet	Egedomsutvalet	Kommunedirektøren	Kommunedirektøren
Forhandle pris kjøp	Kommunedirektøren	Kommunedirektøren	Kommenedirektøren	Kommunedirektøren
Avtale kjøp	Kommunedirektøren	Kommunedirektøren	Kommenedirektøren	Kommunedirektøren

Ved usemje / tvilstilfelle iht. rammevilk åra vert sak lagt fram for	Formannskapet	Formannskapet	Formannskapet	Formannskapet
Ekspropriasjon ved kjøp av grunnareal må vedtakast av kommunestyret				

Avtalane om sal/kjøp, eventuelle skøyter, underteiknast og effektuerast av ordførarar.

13. Oversikt – delegasjon etter særlover:

Akvakulturlova av 17. Juni 2005 nr. 79

Delegering til DUK

DUK vert delegert mynde å gje uttale til søknader om konsesjon etter denne lova.

Alkohollova av 2. Juni 1989 nr 27 med forskrifter

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen
i samsvar med Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Vindafjord kommune

Delegering til OPOM

OPOM vert delegert avgjerdsmynde etter lova, med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.

Arbeids- og velferdsforvaltningslova i NAV av 18. Desember 2009

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen.

Mynde vert gjort innafor ramma av kommunale og statlege reglar og Lov om sosiale tjenester

Delegering til OPOM

OPOM vert delegert avgjerdsmynde der kommunen er gitt slik mynde, med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.

Arkivlova av 4. Desember 1992 nr 126 med forskrifter

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen

Barnelova av 8. April 1981 nr 7

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å gi fråsegn på vegne av kommunen i spørsmål om foreldreansvar (§ 41).

Barnehagelova av 17. Juni 2005 nr. 64

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen

Dette gjeld m.a.:

- a. Godkjenning av barnehagar, både ordinære og familiebarnehagar.
- b. Opptak av barn i barnehage.
- c. Kommunalt tilskot til godkjende ikkje-kommunale barnehagar.
- d. Forvaltning av moderasjonsordning.
- e. Dispensasjon frå utdanningskrav.
- f. Tilsynsmynde etter § 16.
- g. Vedtak om spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder i samsbvar med § 19 a

Delegering til OPOM

OPOM vert delegert

- avgjerdsmynde etter lova, med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.
- å tilrå framlegg til vedtekter for barnehagane etter barnehagelova § 7 fjerde ledd. Vedtekten skal endeleg vedtakast i kommunestyret.

Barnevernlova av 17. Juli 1992 nr 100

Delegering til einingsleiar barnevern

Einingsleiar barnevern vert delegert ansvaret for oppgåvene etter lova i einskildsaker (§ 2.1.)

Ved klagebehandling gjeld forvaltningslova med særreglar som er fastsatt i barnevernlova jf § 6-1 og § 6-5.

Brann- og eksplosjonsvernlova av 14. Juni 2002 nr. 20 og tilhøyrande forskrifter

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen

Dyrehelsepersonellova av 15. Juni 2001 nr. 75

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i saker som er tillagt kommunen etter § 3A - Kommunen sitt ansvar

Eigedomsskattelova av 6. Juni 1975 nr 29

Delegering til Sakkynlig takstnemnd eigedomsskatt

Sakkynlig takstnemnd vert delegert mynde til å gi fritak etter §7 i Eigedomsskattelova.

Eigarseksjonslova av 23. Mai 1997 nr 31

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen

Film- og videogramlova av 15. Mai 1987 nr 21

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen

Folkebiblioteklova av 20. Desember 1985 nr 108

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikke-prinsipielle saker som er tillagt kommunen

Delegering til DUK

DUK vert delegert fastsettjing av reglement i samsvar med § 4, tredje ledd .

Folkehelselova av 24. Juni 2011 nr. 29

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å følge opp kommunen sine oppgåver i høve til lovverket i kap 2 og 3. Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker i kap 3 der kommunen har avgjerdsmynne. (Paragraf 9 til 17 - Miljøretta helsevern)

Forpaktingslova av 25. Juni 1965 nr. 1

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikkje –prinsipielle saker som er tillagt kommunen

Forureiningslova av 13. Mars 1981 nr 6

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i ikkje–prinsipielle saker som er tillagt kommunen

Delegering til HIM

HIM vert delegert mynde etter § 83.2 til å treffa vedtak på kommunen sine vegne innanfor dei rammer som er fastlagt i vedtekne avtalar.

Delegering til DUK

DUK vert delegert avgjerdsmynde etter lova, med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.

Evt lokalt forskriftsarbeid heimla i lova er det kommunestyret som skal vedta etter tilråding frå DUK

Friluftslova av 28. Juni 1957 nr 16

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen.

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å stanse og fjerne byggverk m.m. som er sett opp i strid med forbod eller pålegg etter lova (§ 40)

Delegering til DUK

Prinsipielle saker etter §14, 16 og 18 og andre prinsipielle saker skal handsamast av DUK

Utforming av evt. lokal forskrift heimla i lova er det kommunestyret som skal vedta etter tilråding frå DUK. (Fylkesmannen har godkjenningsrett på slike forskrifter.)

Geodatalova av 03.september 2010

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen

Gjeldsordningslova av 17. Juli 1992 nr. 99

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen

Kommunedirektøren vert delegert fullmakt til å:

- melde krav på vegne av kommunen med heimel i gjeldsordningslova § 3.2
- godkjenne forslag til frivillig gjeldsordning etter lova § 4-11,
- møte på vegne av kommunen til munnleg saksførebuing etter lova § 5-3, 2. ledd
- gi uttale etter lova. § 5-3, 3. ledd.

Gravferdslova av 7. Juni 1996 nr 32

Delegering til ordførar (administrativ delegering)

Ordførar vert delegert mynde til å ta avgjerd i saker i høve til §9 , tredje ledd.

Delegering til formannskapet

Formannskapet er delegert mynde til å fastsetja avgifter i samsvar med § 21 andre ledd

Havne- og farvannslova av 21. Juni 2019 nr. 70

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen med følgjande unntak:

- fastsetje forskrifter(§§ 8, 9 og 36)

Kommunestyret vedtar lokalt forskriftsarbeid etter tilråding frå DUK

Helseberedskapslova av 23. Juni 2000 nr. 56

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å beordre personell etter lova sitt kap. 4.

Delegering til OPOM

OPOM vert delegert avgjerdsmynde etter lova, med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.

OPOM skal gje fråsregn til kommunestyret i samband med beredskapsplanlegging etter lova.

Helsepersonellova av 2. Juli 1999 nr. 64

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren er delegert operativt arbeidsgjevar- og leiaransvar for heile kommuneorganisasjonen.

Oppfølging av helsepersonelllova fell inn under denne delegasjonen.

Helse- og omsorgstenestelova av 24. Juni 2011 nr. 30

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker etter lova Einskildvedtak

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å fatte vedtak om og igangsetje alle tiltak knytt til ein skildpersonar etter lova. Dette gjeld også tvangstiltak heimla i lova.

Oppfølging

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å følgje opp sentrale pålegg om tenester der lova legg ansvaret på kommunen, herunder innhenting av opplysningar til bruk for planlegging, styring og utvikling av den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Avtalar

Kommunedirektøren vert delegert mynde til, innanfor vedtekne budsjetttramme, å godkjenne og inngå driftsavtalar med personell for å nå målsetjinga i §3.

Delegering til OPOM

OPOM vert delegert avgjerdsmynde etter lova, med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.

Hundelova av 04 juli 2003 nr. 74

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen, med unntak av forskriftsarbeid heimla i §§ 6, 11 og 12.

Delegering til Formannskapet

Formannskapet får tilrådingsrett til kommunestyret i evt lokale forskrifter etter §§ 6, 11 og 12 i lova.

Husbanklova av 29. Mai 2009 nr. 30

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen

Delegering til Formannskapet

Formannskapet vert delegert mynde til gjeldsetergjeving av kommunen sine lån til vidare utlån

Introduksjonslova av 4. Juli 2003 nr. 80

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen.

Jordlova av 12. Mai 1995 nr. 23

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen

Delegering til DUK

DUK vert delegert mynde til å ta avgjerd i prinsipielle saker etter denne lova .

Konsesjonslova av 28 november 2003 nr. 98

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering).

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen

Delegering til DUK

DUK vert delegert mynde til å ta avgjerd i prinsipielle saker etter denne lova .

Kulturminnelova av 9. Juni 1978 nr 50

Delegering til kommunedirektøren.

Kommunedirektøren vert delegert til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker knytt til den delen av lova som vedkjem kommunen.

Delegering til DUK

DUK vert delegert mynde til å ta avgjerd i prinsipielle saker etter denne lova .

Lakse- og innlandsfiskelova av 15. Mai 1992 nr 47

Delegering til Vilt og Fiskeutvalet

Vilt og fiskeutvalet vert delegert til å avgjere saker og gje høyringssvar frå kommunen i høyringar knytt til Lakse-og innlandsfiskelova.

Matrikkellova av 17. Juni 2005 nr. 101

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering).

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen med unntak av § 32 Fastsetjing av gebyr .

Motorferdselslova av 10. Juni 1977 nr 82 med forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering).

Kommunedirektøren vert delegert å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen etter lova med unntak av § 5

Kommunedirektøren vert delegert å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen etter forskrifta med unntak av §§ 3 og 6

Delegering til DUK

DUK får tilrådingsrett til kommunestyret i forskriftsarbeid heimla i § 5 i lova
DUK vert delegert mynde etter §6 i forskrifta, (med mindre saka sin karakter tilseier at
kommunestyret skal fatte vedtak.)

Kommunestyret

Kommunestyret kan gi forskrift om generelle løyve etter §5 i lova. Kommunestyret sitt mynde etter § 5 kan ikke delegerast

Kommunestyret kan gi reglar om kjøring etter §3 b-g i forskrifta. Kommunestyret sitt mynde etter § 3 kan ikke delegerast

Naturmangfoldlova av 19. Juni 2009 nr. 100

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen med unntak av § 18 siste ledd og § 53.

Delegering til Vilt- og fiskeutvalet

Vilt og fiskeutvalet vert delegert mynde til å forvalta § 18 ,siste ledd (Uttak av hjortevilt)

Kommunestyret

Kommunestyret sjølv vedtar saker etter § 53 – Forvaltning for å unngå forringing av utvalgte naturtypar.

Odeislova av 28. Juni 1974 nr. 58

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikke-prinsipielle saker som er tillagt kommunen

Delegering til DUK

DUK vert delegert mynde etter lova , med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.

Opplæringslova av 17. Juli 1998 nr. 61

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikke-prinsipielle saker som er tillagt kommunen

Delegering til OPOM

OPOM vert delegert mynde til å ta avgjerd etter lova , med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.

OPOM har tilrådingsrett til kommunestyret i lokalt forskriftsarbeid knytt til :

§2-2 andre ledd: Forskrift om undervisningstid ut over timerammene

§2-5 første ledd: Forskrift om målform

§2-9 første ledd: Forskrift om ordensreglement

§8-1 første ledd: Forskrift om inntaksområde for skulane

Pasient- og brukerrettighetslova av 2. Juli 1999 nr. 63

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering).

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen

Plan- og bygningslova av 27. Juni 2008 nr 71

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å treffen vedtak om dispensasjon og små endringar i reguleringsplanar.

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å treffen einskildvedtak i ikkje prinsipielle saker etter plan- og bygningslova kapittel 20 til kapittel 33, med tilhøyrande forskrifter.

Delegering til DUK

DUK vert delegert mynde til å treffen einskildvedtak etter plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter i prinsipielle saker og i klager på saker etter plan- og bygningslova kapittel 20 til kapittel 33, med tilhøyrande forskrifter.

Delegering til formannskapet

Formannskapet vert delegert oppgåver etter plan- og bygningslova som ikkje er lagt til kommunestyret sjølv og som ikkje er delegert til DUK eller kommunedirektøren.

Dette gjeld mellom anna følgjande oppgåver:

- Avgjerder i samband med planprosessar, organisering og praktisk planleggingsarbeid.
- Fastsetting av planprogram ved mindre omfattande revisjonar av kommuneplanen.
- Vedtak av mindre endringar i kommuneplanen sin arealdel.
- Vedtak av mindre reguleringsplanar, når planen er i samsvar med rammer i kommuneplanen sin arealdel, og det er mindre enn fire år sidan arealdelen ble vedtatt av kommunestyret.
- Vedtak av mindre endringar i reguleringsplanar og utfyllingar innafor hovudtrekka i reguleringsplanar.
- Fastsetting av planprogram for reguleringsplanar med vesentlege verknadar for miljø og samfunn.
(Kommunestyret vedtek sjølv communal planstrategi, kommuneplan (samfunnsdel, handlingsdel og arealdel) og reguleringsplan.)

Serveringslova av 13. Juni 1997 nr 55

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering).

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i saker knytt til kapitel 1, 2, 3, 5 og 6 i lova og tilhøyrande forskrifter med unntak av Lokalt forskriftsarbeid heimla i § 15, Kap 3

Delegering til OPOM

OPOM vert delegert mynde til å ta avgjerd i saker som er heimla i kapitel 4 og som gjeld midlertidig stenging av serveringsstad, suspensjon, tilbakekalling av bevilling og straff

OPOM har tilrådingsrett til kommunestyret i lokalt forskriftsarbeid om opningstider § 15 ,kap 3

Sivilbeskyttelseslova av 25. Juni 2010 nr. 45

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen

Delegering til formannskapet

Formannskapet vert delegert avgjerdsmynde etter lova , med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.

Skogbrukslova av 27. Mai 2005 nr. 31

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen.

Delegering til DUK

DUK vert delegert avgjerdsmynde etter lova , med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.

Smittevernlova av 5. August 1994 nr 55 med forskrifter

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen med unntak av
saker etter § 7.2 som er direkte delegert til kommuneoverlegen.

Stadnamnlova av 18. Mai 1990 nr 11

Delegering til DUK

DUK vert delegert å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen

Straffelova av 22. Mai 1902 nr 10

Delegering til ordføraren/kommunedirektøren

Ordføraren og kommunedirektøren vert delegert mynde til å krevje offentleg påtale på vegne av kommunen i samsvar med reglane i straffelova § 79. Dette mynde kan ikke delegerast vidare

Tobakksskadelova av 9. Mars 1973 nr 14

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering).

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å føra tilsyn etter lova.

Delegering til OPOM

OPOM vert delegert mynde til å treffe sanksjonar ved brot på lova. Sanksjonar kan heimlast i Folkehelselova kap 3. (Jfr tobakkskadelova § 13 andre ledd)

Vallova av 28. Juni 2002 nr. 57

Delegering til valstyret

Valstyret vert delegert mynde til til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen med unnatak av opprettning av valstype som er lagt til kommunestyret sjølv.

Valstyret kan delegera til kommunedirektøren å ta avgjerd i ikke-prinsipielle saker .

Vass- og avløpsanleggslova av 16. Mars 2012 nr. 12

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikke-prinsipielle saker som er tillagt kommunen.

Delegering til DUK

DUK vert delegert avgjerdsmynne etter lova , med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.

DUK vert delegert tilrådingsmynde i lokalt forskriftsarbeid

Kommunestyret

Lokale forskrifter etter § 5 og fastsetjing av gebyr vert vedtatt av kommunestyret.

Veglova av 21. Juni 1963 nr 23

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikke prinsipielle saker som er tillagt kommunen

Delegering til DUK

DUK vert delegert avgjerdsmynne etter lova , med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.

Vegtrafikklova av 18. Juni 1965 nr 4 med tilhøyrande forskrift av 07.10.2005 nr 1219 (skiltforskriften)

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i alle ikkje prinsipielle einskildsaker som er tillagt kommunen

Delegering til DUK

DUK vert delegert avgjerdsmynne etter lova , med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.

Viltlova av 29. Mai 1981 nr 38

Delegering til kommunedirektøren (administrativ delegering)

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen

Delegering til Vilt- og fiskeutvalet

Vilt-og fiskeutvalet vert delegert mynde til å fatte avgjerder etter lova, med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren